

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 01.10.25.

Møtt:

Heming H. Gujord (visedekan), Aidan Conti (LLE), Franz Knappik (FOF), Lukas Skiba (FOF), Birger Solheim (IF), Christian Sæle (AHKR), Kari Jegerstedt (SKOK), Gry Ane Lavik (UB), Tord Varhaug Lie (studentrepresentant) og Aleksander Vassenden (vara studentrepresentant).

Frå administrasjonen:

Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje, Elisabeth Akselvoll og Rebekka Nistad.

Observatører:

Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR), Signe Nilssen (LLE), Mari Kristine Morberg (SKOK).

Forfall:

Jesse Tomalty (FOF) og Sara Sørholt (studentrepresentant).

I Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjend

II Godkjenning av protokoll frå møtet 27.08.25 og sirkulasjonssak 32/25.

Godkjend

III Orienteringssaker:

SAK 33/25 Vidare arbeid med retningslinjer for bruk av KI i undervisning og vurdering ved HF

Heming Gujord innleidde. I tråd med dekanatet si valplattform skal HF ha eigne retningslinjer, og som Studiestyret tilrådte våren 2025, blir det sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe fram retningslinjer for bruk av KI. Innføringa av Copilot ved UiB har gitt ei ny innramming for arbeidet. Studiestyret meiner det er naturleg å sjå til det som er utarbeidd ved andre fakultet, men ein bør ta omsyn til dei store ulikskapane mellom fakulteta. Retningslinjene skal

omfatte både undervising og vurdering, vere dynamiske, opne for fagleg ulikskap og i stadig utvikling. UB er langt framme i arbeidet med rammer og verktøy for bruk av KI, og vil vere eit viktig rådgivande organ i arbeidet. Fakultetet ferdigstiller eit mandat og set ned arbeidsgruppa.

SAK 34/25 Opptaksrammer for studieåret 2026/2027.

Studiestyret tar saka til orientering.

SAK 35/25 Revisjon av utfyllande reglar for HF.

Studiestyret tar saka til orientering.

SAK 36/25 Spurveugleprisen 2025 (munnleg orientering om søknadsfrist).

Heming Gujord informerte om at det er mottatt to nominasjonar innan fristen (15. september). Det er ønskeleg med nominerte frå fleire (helst alle) institutt, og fristen vert difor utvida til 15. oktober.

IV Diskusjon- og drøftingssaker

SAK 37/25 Emnestorleik på HF

Fellesemne som skal inngå i spesialiseringar med ulik standard for emnestorleik, og emnepakkar som fyller eit semester, men som ikkje til saman blir 30 studiepoeng, er utfordrande. For å ivareta studiekvaliteten i møte med dette, er det viktig at fagmiljøa og administrasjonen på institutt og fakultet samarbeider tett om å finne løysingar. Både studentar og tilsette har erfart at det er utfordrande å få ulike versjonar av det same emnet, til dømes på 10 og 15 studiepoeng, til å fungere godt i begge versjonar. Studiestyret kom med innspel til korleis ein kan ta tak i dette. SKOK har erfaringar som ein kan sjå til.

SAK 38/25 Forslag til emnepakke

Vedtak Studiestyret sender emnepakken *Tekst- og kommunikasjonsarbeid i praksis* tilbake til instituttet for innleiande handsaming i rette utval.

Bergen, 08.10.25

Heming Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef